

„Strilen“ fredag 13. april.
Skalden frå Sæheim

1965 Heimlengt

Den 26. mai døydde Johs. M. L. Rydland. Reisebodet kom brått, men ferdamannen var ferdig. Berre ei veke tidlegare hadde han vorte intervjuet av Jens M. Rognsvåg i «Sambåndet.» Då Rognsvåg bad om intervjuet, hadde Rydland svara på den stillferdige måten sin: «Eg veit, av mange års røynsla, at eg aldri har vore anten «dekorativ» eller «representativ» - Og no sjølvsagt mindre enn nokon gong. Eg trur det rettaste hadde vore å fått gå så stilt i dørene som mogeleg. Men kan eg gjeva deg noko stoff som kan vera til gagn for Guds rike, står eg gjerne til tenesta...»

Onsdag 2. juni fylgde ein stor veneskare han til den siste kvilestaden på Seim kyrkjegard. Her ved si barndoms kyrkja i den vakre Seimbygda skulle lekamen til Skalden frå Sæheim få kvila. Men sjølv hadde han fått eit endå venare land å vera i, slik han sjølv har skildra det i dette diktet som me let vera den siste helsinga frå Johs. M. L. Rydland i den presentasjonen av dikt som no i lengre tid har hatt fast plass i Strilen.

Eg lengtar so jamt til den strålende stad
der songen lik votni skal fløyma.
Få blanda mi røyst i det jublende kvad
som reint gjennom Himlen skal strøyma.
Og jordlivets sorger få gløyma-

Her høyrer eg ofte: «Du når ikkje heim,
du snåvar og fell i kvar tuva.»
Dei trugande røyster - seg, kjenner DU deim?
fær ofte mi sjel til å gruva,
og fly som den fredlause duva.

Å nei, for eit byte: For tårer og kav,
få sigerens palme i hende.
Og leva på ny attom sorger og grav
i æva som aldri tek ende-
Og møtast med kjære og kjende.

Å, tenk at eg åsyn til åsyn skal sjå
min ven med dei sårmerkte hender.
Der strøymer vel frygd gjennom sjeli mi då
når andlitet mot meg han vender,
og velkomehelsing meg sender.

I Himmelens solljos, som Frelsarens brud,
eg gjeng i min skirkvite bunad.
Som sol over snøfjell, so blenkjer mitt skrud
i gullglans frå brudgommens truna.
I livssoli glittrar mi kruna.

Eg veit at ho kan ikkje tolkast med ord
den sæla eg heime får kjenna.
Å Frelsar, å, styr mine steg her på jord-
Og kraft til min strid må du senda.
So glad eg mi ferd kan fullenda.

Johs. M. L. Rydland